



DET KONGELEGE
FORSVARSDPARTEMENT

Prop. 18 S

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2015 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 20. november 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Føremål og hovudoversikt

1.1 Føremål

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag om endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2015. Siktemålet er å skape best mogleg samsvare mellom løyvingane under dei einskilde kapitlar og postar, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2015 vart vedteke.

På grunn av den komplekse samansetjinga av kapitlar, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verkty for å sikre god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret, er såleis handsama samla og formaliserte på rett måte. Regjeringa er oppteken av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som at kravet om realistisk budsjettering er handsama.

Omgrupperingsproposisjonen for 2015 tek føre seg naudsynte budsjettekniske endringar. I tillegg kjem forslag om meirinntekter for 2015 og tilleggsløyvingar. Det er òg føreslått ein reduksjon på løyvingane som følge av utsette utbetalingar på prosjektet for nye kampfly. Totalt utgjer omgrupperinga for 2015 ein reduksjon i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 816,280 mill. kroner.

Reduksjonen er ikkje reell, då dei reduserte midlane til kampflyanskaffing er føreslått løyva ekstra på budsjettet for 2016. I tillegg føreslår regjeringa å auke ei bestillingsfullmakt.

1.2 Tilleggsløyvingar

Etablering av prosjektkontor i Linderud leir

Forsvarsdepartementet ved Forsvarsbygg har behov for å auke kapasiteten i samband med nyprosjektering. Det er derfor føreslått i 2015 å etablere eit eige prosjektkontor i eigna lokalar på Linderud leir. Dette medfør ei meirutgift på 5,000 mill. kroner i 2015. Midlane for 2015 skal brukast mellom anna til arealmessige tilpassingar og kabellegging for teknisk utstyr.

Det er på denne bakgrunnen føreslått at forsvarsramma på kap. 1710, post 01, vert auka med 5,000 mill. kroner i 2015.

1.3 Midlar i 2015 vert førte tilbake – Kampflyanskaffingar

I Prop. 1 S (2015–2016) er det føreslått å auke løyvinga til kampflyanskaffingar i 2016 med 1 100,000 mill. kroner basert på at forventa utbetalingar i 2015 er utsett til 2016. Som følge av dette vert den føreslåtte løyvinga på kap. 1761, post 45, for 2015 redusert tilsvarande med 1 100,000 mill. kroner.

Dette blir såleis ein teknisk reduksjon sett mot auka i 2016.

1.4 BA-prosjekt til godkjenning

Stortinget har, gjennom behandlinga av Innst. 388 S (2011–2012) til Prop. 73 S (2011–2012) Et forsvar for vår tid, vedtatt å etablere ein kampflybase på Ørland hovudflystasjon og ein framskoten operasjonsbase ved Evenes. Vidare er det vedtatt å flytte Luftforsvaret si styrkeproduksjon knytt til luftvern og basesett til Ørland. Endringane inneber at det er behov for å tilpasse tilbodet av bustad og kvarter til befal og mannskap på Ørland. Ei kartlegging av status og framtidig behov visar at det er eit behov for å auke talet på befalskvarter med om lag 150 boeiningar. Opptappinga av tilbodet av kvarter vert gjennomført i fleire trinn, tilpassa personellplanen for Luftforsvaret ved Ørland hovudflystasjon samt tilgjengelege investeringsmidlar for eigedom, bygg og anlegg. Trinn 1 vert planlagt ferdig i løpet av 2017. Øvrige kvarterbehov vert planlagt ferdig i løpet av 2020.

Prosjekt Ørland – befalskvarter trinn 1 omfattar bygging av ei forlegning med til saman 50 nye kvarter i nærleiken av eksisterande befalskvarter og messe på Ørland hovudflystasjon. Prosjektet er viktig for å føre vidare Ørland hovudflystasjon som ein framtidsretta og attraktiv arbeidsplass. Løysinga baserast på gjenbruk av byggeprosjekt under gjennomføring på Bardufoss og Setermoen for å halde prosjekteringskostnadane låge.

Den anbefalte kostnadsramma for prosjektet, inkludert nødvendig innreiking, er på 110,000 mill. kroner inkl. mva., medrekna ei avsetning for usikkerheit. Prosjektets styringsramme er på 94,500 mill. kroner.

1.5 Grunnlaget for omgrupperinga

1.5.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedteke budsjett for 2015, midlar overførte frå 2014 og seinare endringar gjorde av Stortinget. Det er òg teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2015.

Tabell 1.1 Faktisk løyving på utgiftssida, før omgruppering 2015, kjem fram slik (i 1 000-kroner):

Saldert budsjett 2015	43 787 866
Innst. 360 S (2014–2015) til Prop. 119 S (2014–2015) <i>Tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2015 (RNB)</i>	342 067
Innst. 357 S (2014–2015) til Prop. 133 S (2014–2015) <i>Endringar i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap («soldatproposisjonen»)»</i>	1 032
Budsjettmessige verknader av lønsoppgjeret i det statlege tariffområdet i 2015	99 270
= Faktisk løyving før omgruppering	44 230 235
+ Midlar overførte frå 2014	2 433 748
= Disponible midlar i 2015 før omgrupperinga	46 663 983

Tabell 1.2 Disponibel løyving på inntektssida, før omgruppering 2015, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett 2015	5 604 470
Innst. 360 S (2014–2015) til Prop. 119 S (2014–2015) <i>Tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2015 (RNB)</i>	287 727
= Løyvingar før omgruppering	5 892 197

1.5.2 Inntekter i 2015

I høve til saldert budsjett for 2015, med dei seinare endringane gjorde av Stortinget, er ei meirinntekt på 278,720 mill. kroner. Det same beløpet

er føreslått lagt til utgiftssida. Den budsjettmessige verknaden på utgiftssida av lønsoppgjeret i det statlege tariffområdet i 2015 er 99,270 mill. kroner. På inntektssida er verknaden i 2015 på 6,937 mill. kroner. Desse midlane vart fordelte i samband

med lønsoppgjøret. Meirinntektene medfører ein parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt i Prop. 1 S (2014–2015) under romartalsvedtak II. Auken på inntekts- og utgiftssida er innarbeidd og beskriven i detalj under pkt. 2 under.

1.5.3 Løyvingsbehov

Tala i tabellane nedanfor syner løyvingsbehov knytte til omgrupperinga for 2015.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kroner):

Auke på utgiftssida på grunn av meirinntekter førte til utgiftssida	278 720
Tilleggsloøyvingar	5 000
Midlar i samband med kampflyanskaffingar vert førte tilbake	-1 100 000
= Sum behov ved omgrupperinga	-816 280
+ Løyvingar før omgrupperinga	44 230 234
= Samla løyvingar etter omgrupperinga	43 413 954
+ Midlar overførte frå 2013	2 433 748
= Samla disponible midlar i 2013 etter omgrupperinga	45 847 702

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1000 kroner):

Meirinntekter	278 720
+ Budsjettmessige verknader av lønsoppgjøret i det statlege tariffområdet i 2015	6 937
= Sum behov ved omgrupperinga	285 657
+ Løyvingar før omgrupperinga	5 892 197
= Løyvingar etter omgrupperinga	6 177 854

På bakgrunn av dette føreslår regjeringa under forslag til vedtak, at utgiftsramma vert redusert

med 816,280 mill. kroner, og at inntektsramma vert auka med 285,657 mill. kroner.

2 Forslag til utgifts- og inntektsendringar på kapittelnivå

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	371 412	412 686	447 656
70	Forskning og utvikling	32 679	30 499	30 979

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 34,970 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 0,800 mill. kroner knytte til innkjøp av ein stor makuleringsmaskin som bl.a. skal kunne nyttast ved nød-makulering av store kvanta høgt gradert materiale i ein krisesituasjon der tid er ein faktor. Midlane er omdisponerte frå kap. 1710, post 47.
- 1,500 mill. kroner knytte til meirbehov til utgreiing frå Verneplikttutvalget samt arbeidet med kompetansereforma som står att i 2015. Midlane er også knytte til ei stilling for historisk gjennomgang av dekorasjonssaker frå andre verdskrigen. Midlane er omdisponerte frå kap. 1700, post 73.
- 36,000 mill. kroner med ein tilsvarande inntektsauke på kap. 4700 som følge av vidarefakturering av lønsutgifter for tenester som Forsvarsdepartementet leverer og som har ei tilsvarande utgiftsside.
- 0,200 mill. kroner i samband med Dialogkonferansen, som er ein konferanse med fokus på haldningar, etikk og leiing i Forsvaret. Midlane er omdisponerte frå kap. 1700, post 73.

Posten er føreslått redusert med:

- 3,530 mill. kroner knytte til redusert kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01.

Post 73 Forsking og utvikling

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 0,480 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 2,180 mill. kroner i samband med kompetansereforma. Midlane er omdisponerte frå kap. 1760, post 45.

Posten er føreslått redusert med:

- 1,500 mill. kroner i samband med meirbehov til utgreiing frå Verneplikttutvalet samt arbeidet med kompetansereforma som står att i 2015 på kap.1700, post 01. Midlane er også knytte til ein stilling for historisk gjennomgang av dekorasjonssaker frå andre verdskrigen. Midlane er omdisponerte til kap. 1700, post 01.
- 0,200 mill. kroner knytte til Dialogkonferansen, som er ein konferanse med fokus på haldningar, etikk og leiing i Forsvaret. Midlane er omdisponerte til kap. 1700, post 01.

Kap. 4700 Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	2 320	24 185	60 185

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 36,000 mill. kroner i samband med innføring av ny standard kontoplan i Forsvarsdepartementet frå 1. januar 2014 der bruttoprinsippet vart reindyrka og

består av vidarefakturering av lønsutgifter for tenester som Forsvarsdepartementet leverar.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	3 317 685	3 336 420	3 341 420
47	Nybygg og nyanlegg	1 541 795	1 692 983	1 646 483

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 5,000 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 5,000 mill. kroner i samband med etablering av eit prosjektkontor i eigna lokalar i Linderud leir.
- 11,000 mill. kroner på grunn av tilsvarande inntektsauke på kap. 4710 og gjeld Forsvarsbyggs støtte til drift av Rygge Sivile Lufthavn.

Posten er føreslått redusert med:

- 11,000 mill. kroner knytte til auka utgifter ved å flytte flyene DA-20 frå Rygge til Gardermoen. Midlane er omdisponerte til kap.1733, post 01.

Post 47 Nybygg og nyanlegg

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 46,500 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 6,500 mill. kroner knytte til istandsetting av Militærhospitalet for innflytting av den nye materielletaten. Midlane er omdisponerte frå kap. 1760, post 45.

Posten er føreslått redusert med:

- 21,700 mill. kroner knytte til reduserte inntektskrav på kap. 4710, post 47.
- 29,093 mill. kroner knytte til auka utgifter ved å flytte flya DA-20 frå Rygge til Gardermoen. Midlane er omdisponerte til kap.1733, post 01.
- 0,800 mill. kroner er omdisponerte til kap. 1700, post 01, for nyskaffing av ein stor maku-leringsmaskin.
- 1,407 mill. kroner i samband med meirutgifter knytte til nasjonale, militære stillingar i Belgia på kap. 1719, post 01.

Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	4 101 002	4 101 002	4 085 324
47	Sal av eigedom	171 701	171 701	150 001

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 15,678 mill. kroner.

Posten føreslås auka med:

- 11,000 mill. kroner i samband med Forsvarsbyggs støtte til drift av Rygge Sivile Lufthavn.
- 5,883 mill. kroner knytte til verknaden av lønsoppgeret for 2015.

Posten er føreslått redusert med:

- 32,561 mill. kroner knytte til netto reduksjon i kapitalelementet i husleiga for enkelte av Forsvarsbyggs kundar. Inntektene medfører auke og reduksjonar av utgiftsrammene på fleire av driftspostane.

Meirinntektene fører med seg ein parallell reduksjon av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Post 47 Nybygg og nyanlegg

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 21,700 mill. kroner knytte til reduserte inntektskrav som følge av lågare inntekter på grunn av færre utrangeringar av EBA enn venta og utfordringar i samband med utviklingseigedommen Kokstad.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1716 Forsvarets forskingsinstitutt

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
51	Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt	186 117	185 950	184 754

Post 51 Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 1,196 mill. kroner knytte til redusert kapitalele-

ment i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01.

Kap. 1719 Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	263 854	284 171	291 295
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	14 829	3 829	-
71	Overføringar til andre	56 636	58 837	57 645

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 7,124 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 1,762 mill. kroner i samband med meirutgifter knytte til nasjonale, militære stillingar i Belgia frå kap. 1710, post 47 (1,407 mill. kroner), kap. 1719, post 71 (0,292 mill. kroner) og kap. 1760, post 45 (0,063 mill. kroner).
- 1,900 mill. kroner knytte til historiske markeringar og jubileum er omdisponerte frå kap. 1795, post 60 (1,000 mill. kroner) og kap. 1719, post 71 (0,900 mill. kroner).
- 2,900 mill. kroner i samband med Tryggingstvalet er omdisponerte frå kap. 1719, post 43 (1,342 mill. kroner) og post 1760, post 45 (1,558 mill. kroner).
- 3,253 mill. kroner på grunn av tilsvarande inntektsauke på kap. 4719 og gjeld tilbakebetaling av forprosjektmidlar til Indre Troms Medisinske Samhandlingssenter frå Bardu kommune (2,675 mill. kroner), meirinntekt i samband med refusjon av utgifter frå NATO (0,339 mill. kroner) og meirinntekt som gjeld tilbakebetaling frå Justis- og beredskapsdepartementet (0,239 mill. kroner).

Posten er føreslått redusert med:

- 2,691 mill. kroner i samband med meirbehov i samband med å stabilisere drifta av P2813 Human Resource Management. Midlane er omdisponerte til kap. 1720, post 01.

Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 3,829 mill. kroner.

Posten er føreslått redusert med:

- 1,342 mill. kroner som er omdisponerte til Tryggingstvalet på kap. 1719, post 01.
- 2,487 mill. kroner til å dekke et meirbehov i samband med å stabilisere drifta av P2813 Human Resource Management på kap. 1720, post 01.

Post 71 Overføringar til andre

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 1,192 mill. kroner.

Posten er føreslått redusert med:

- 0,292 mill. kroner i samband med meirbehov knytt til nasjonale, militære stillingar i Belgia på kap. 1719, post 01.

- 0,900 mill. kroner som er omdisponerte til kap. 1719, post 01, knytte til historiske markeringer og jubileum.

Kap. 4719 Fellesinntekter til foretak under Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	775	775	4 028

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 3,253 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 2,675 mill. kroner knytte til tilbakebetaling av forprosjektmidlar til Indre Troms Medisinske Samhandlingssenter frå Bardu kommune.
- 0,339 mill. kroner knytte til meirinntekter i samband med refusjon av påkomne utgifter frå NATO.

- 0,239 mill. kroner knytte til meirinntekt i samband med tilbakebetaling frå Justis- og beredskapsdepartementet for «Moglegheitsstudien for nasjonale og regionale øvings- og kompetansesenter».

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1720 Felles leing og kommandoapparat

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	3 821 908	3 694 354	3 734 235

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 39,881 mill. kroner

Posten er føreslått auka med:

- 28,060 mill. kroner knytte til Oracle-lisensar og oppgradering av servere er omdisponerte frå kap. 1725, post 01 (27,780 mill. kroner) og kap. 1725, post 70 (0,280 mill. kroner).
- 14,001 mill. kroner for prosjekter knytte til nettverksbasert forsvar. Midlane er omdisponerte frå fleire driftspostar.
- 2,252 mill. kroner i samband med tilsvarande inntektsauke på kap. 4720, post 01, og gjeld refusjonar frå Forsvarsmakten i Sverige og inntekter frå alliert trening i Norge.
- 4,525 mill. kroner knytte til meirutgifter til grunnløn ved internasjonale operasjonar. Dette gjeld auka grunnløn som ikkje lar seg rekne av mot kap. 1792, post 01.

- 5,500 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband å stabilisere drifta av P2813 Human Resource Management. Midlane er omdisponerte frå kap. 1719, post 01 (2,691 mill. kroner), kap. 1719, post 43 (2,487 mill. kroner) og kap. 1760, post 45 (0,322 mill. kroner).
- 0,580 mill. kroner knytte til forvaltning og teknisk drift av elektroniske tryggingssystemer. Midlane er omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
- 1,312 mill. kroner knytte til masterutdanning i USA er omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
- 0,484 mill. kroner knytte til variable tillegg i samband med utdanning ved National Defence University som er omdisponerte frå kap. 1725, post 01.
- 0,375 mill. kroner knytte til mellombels finansiering av Mini Unmanned Aerial System (små dronar) som er omdisponerte frå kap. 1731, post 01.

- 0,525 mill. kroner på grunn av tilbakebetaling av utlegg for NATO-skolen i Oberammergau. Midlane vert betalte tilbake frå fleire kapittel.
- 0,678 mill. kroner knytte til overføring av tre årsverk frå kap. 1740, post 01 Forsvarets logistikkorganisasjon, til kap. 1720, post 01 Forsvarets operative hovedkvarter, med verknad frå 1. august 2015.
- 0,678 mill. kroner knytte til auka behov for innbetaling til kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01.
- 0,601 mill. kroner knytte til omdisponering av minimumssatsen for velferd, sidan personell frå avdelingar på dette kapitlet tar imot velferdstenester frå Hærens leirar. Midlane er omdisponerte til Hæren på kap. 1731, post 01.
- 1,354 mill. kroner som følge av at aktivitetar knytte til system- og artikkelforvaltning vert definerte innanfor fagmyndigheita. Midlane er omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 0,172 mill. kroner knytte til garnisonstenester leverte frå Ramsund orlogsstasjon til Forsvarets spesialstyrkar. Midlane er omdisponerte til kap. 1732, post 01.

Posten er føreslått redusert med:

- 0,557 mill. kroner knytte til auka utgifter i samband med bustad og innkvartering av forsvarspersonell i Oslo-området på kap. 1725, post 01.
- 3,547 mill. kroner knytte til overføring av militærpolitivdelingane Narko Nord og Narko Sør frå Forsvarets operative hovedkvarter til Forsvarets personell- og vernepliktsenter. Midlane er omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 2,230 mill. kroner knytte til kurs ved Hærens våpenskole og kursplassar for Alliert kompetansesenter for operasjonar under vinterforhold. Midlane er omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,456 mill. kroner knytte til kurs ved Forsvarets kompetansesenter for logistikk og operativ støtte er omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,663 mill. kroner knytte til leveranse av tenestehundar frå Forsvarets kompetansesenter for logistikk og operativ støtte som er omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,340 mill. kroner knytte til grunnløn til fast tilsette frå andre styrkeprodusentar som inngår i etterretningsbidrag i internasjonale operasjonar. Midlane er omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 0,088 mill. kroner knytte til kurs og utdanning ved International Specialist Training Centre. Midlane er omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,813 mill. kroner knytte til garnisonstenester leverte frå Heimevernet til Forsvarets operative hovedkvarter. Midlane er omdisponerte til kap. 1734, post 01.
- 0,111 mill. kroner i samband med intern effektivisering er førte tilbake. Midlane er omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 8,157 mill. kroner knytte til tverrprioritering av utgifter for å avhjelpe utfordringa i samband med endringar i valuta for Luftforsvaret og Forsvarets logistikkorganisasjon.

Kap. 4720 Felles leing og kommandoapparat

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	69 682	130 742	132 994

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 2,252 mill. kroner knytte til refusjonar frå Forsvarsmakten i Sverige og inntekt frå alliert trening i Norge.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1721 Felles leing av Forsvarets spesialstyrkar

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	34 050	38 666	39 606

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 0,940 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 1,890 mill. kroner på grunn av tilsvarande inntektsauke på kap. 4721 og gjeld inntekt frå Forsvarets forskingsinstitutt.

Posten er føreslått redusert med:

- 0,028 mill. kroner for prosjekter knytte til nettverksbasert forsvar. Midlane er omdisponerte til kap. 1720, post 01.

- 0,009 mill. kroner knytte til auka utgifter i samband med bustad og innkvartering av forsvarspersonell i Oslo-området. Midlane er omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 0,750 mill. kroner knytte til mellombels finansiering av Mini Unmanned Aerial System (små dronar). Midlane er omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 0,163 mill. kroner knytte til tverrprioritering av utgifter for å avhjelpe utfordringa i samband med endringar i valuta for Luftforsvaret og Forsvarets logistikkorganisasjon.

Kap. 4721 Felles leing av Forsvarets spesialstyrkar

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	-	-	1 890

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 1,890 mill. kroner knytte til inntekter frå Forsvarets forskingsinstitutt.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1723 Nasjonalt tryggingsorgan

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	204 437	205 113	219 073

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 13,960 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 13,000 mill. kroner på grunn av tilsvarande inntektsauke på kap. 4723, post 01.
- 0,960 mill. kroner knytte til Forsvarets tilskot til kurscenter for førebyggjande tryggleik er omdisponerte frå kap. 1725, post 01.

Kap. 4723 Nasjonalt tryggingorgan

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	7 028	7 028	20 028

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 13,000 mill. kroner.

- Posten er føreslått auka med:
- 3,500 mill. kroner knytte til brukarbetalingar, inkl. drift av kryptert mobiltelefoniløysing.
 - 3,200 mill. kroner knytte til meirinntekter frå betalande medlemmer og partnarar i NSM NorCERT.

- 2,800 mill. kroner knytte til innbetalingar av ikkje-budsjetterte kursavgifter.
- 1,800 mill. kroner knytte til refusjonar av reiseutgifter.
- 1,700 mill. kroner knytte til refusjonar av lønsutgifter.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1725 Fellesinstitusjonar og –utgifter under Forsvarsstaben

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	2 095 299	2 093 141	2 033 287
70	Renter låneordning	8 974	8 974	4 694

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 59,854 mill. kroner.

- Posten er føreslått auka med:
- 3,960 mill. kroner knytte til auka utgifter i samband med bustad og innkvartering av forsvarspersonell i Oslo-området. Midlane er omdisponerte frå fleire kapittel.
 - 1,500 mill. kroner knytte til etablering av sentral eining for strukturforvaltning er omdisponerte med 0,375 mill. kroner frå kap. 1731, post 01, kap. 1732, post 01, kap. 1733, post 01, og kap. 1740, post 01.
 - 3,547 mill. kroner knytte til overføring av militærpolitivdelingane Narko Nord og Narko Sør frå Forsvarets operative hovedkvarter til Forsvarets personell- og vernepliktsenter. Midlane er omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
 - 2,333 mill. kroner knytte til erstatningssak frå 2014 der kap. 1725 betalte forskot i november 2014. Midlane er omdisponerte frå kap. 1732, post 01.

- 0,899 mill. kroner knytte til overtaking av idrettsbygg på Lutvann frå Heimevernet der midlane er omdisponerte frå kap. 1734, post 01.

Posten er føreslått redusert med:

- 49,780 mill. kroner knytte til Oracle-lisensar og oppgradering av servere er omdisponerte til kap. 1720, post 01 (27,780 mill. kroner) samt til NATO Response Force på kap. 1740, post 01 (22,000 mill. kroner).
- 8,066 mill. kroner knytte til redusert kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01.
- 0,960 mill. kroner knytte til Forsvarets bidrag til kurscenter for førebyggjande tryggleik er omdisponerte til kap. 1723, post 01.
- 1,446 mill. kroner for prosjekter knytte til nettverksbasert forsvar. Midlane er omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,065 mill. kroner knytte til kurs ved Forsvarets kompetansesenter for logistikk og operativ støtte. Midlane er omdisponerte til kap. 1731, post 01.

- 1,027 mill. kroner knytte til grunnløn til fast tilsette frå andre styrkeprodusentar som inngår i etterretningsbidrag i internasjonale operasjonar. Midlane er omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 4,100 mill. kroner knytte til forsterkning i vakt- og tryggingstroppen på Gardermoen militære flyplass. Midlane er omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 0,484 mill. kroner knytte til variable tillegg i samband med utdanning ved National Defence University i USA. Midlane er omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,489 mill. kroner knytte til utgifter til skole i USA for andre halvår 2014 og første halvår 2015. Midlane er omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 0,102 mill. kroner på grunn av tilbakebetaling av utlegg for NATO-skolen i Oberammergau. Midlane vert betalte tilbake til kap. 1720, post 01.
- 0,253 mill. kroner knytte til feilbelastning av dimisjonsgodtgjering. Midlane er omdisponerte til kap. 1795, post 01.
- 0,750 mill. kroner knytte til prosjekt frå Forsvarets forskingsinstitutt om trygging av den operative evna til kampfly. Midlane er omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 4,571 mill. kroner knytte til tverrprioritering av utgifter for å avhjelpe utfordringa i samband med endringar i valuta for Luftforsvaret og Forsvarets logistikkorganisasjon.

Post 70 Renter låneordning

Løyvinga på posten er føreslått redusert med 4,280 mill. kroner knytte til reduserte utgifter til rentestønad ved Befalets låneordning. Midlane er omdisponerte til kap. 1733, post 01 (4,000 mill. kroner) og kap. 1720, post 01 (0,280 mill. kroner).

Kap. 1731 Hæren

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 226 167	5 327 879	5 329 645

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 1,766 mill. kroner.

Posten vert føreslått auka med:

- 30,000 mill. kroner på grunn av tilsvarende inntektsauke på kap. 4731, post 01.
- 3,776 mill. kroner knytte til auka behov for innbetaling til kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01.
- 6,246 mill. kroner som følge av ei endring i mva.-satsane som vart lagde til grunn i fordelinga mellom Hæren og Forsvarets logistikkorganisasjon ved innføring av nettordning mva. Midlane er omdisponerte frå kap. 1740, post 01.
- 0,601 mill. kroner knytte til kurs og utdanning ved International Specialist Training Centre. Midlane er omdisponerte frå kap. 1720, post 01 (0,088 mill. kroner) og kap. 1732, post 01 (0,513 mill. kroner).
- 3,298 mill. kroner knytte til meirutgifter til grunnløn ved internasjonale operasjonar. Dette gjeld auka grunnløn som ikkje lar seg rekne av

mot kap. 1792, post 01. Dermed vert midlane omdisponerte frå denne posten.

- 1,236 mill. kroner knytte til omdisponering av minimumssatsen for velferd, sidan personell frå andre avdelingar i Forsvaret tar imot velferdstenester frå Hærens leirar. Midlane er omdisponerte frå fleire kapitell.
- 3,314 mill. kroner knytte til leveranse av tenestehundar frå Forsvarets kompetansesenter for logistikk og operativ støtte. Midlane er omdisponerte frå kap. 1720, post 01 (0,663 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,497 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (1,988 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (0,166 mill. kroner).
- 2,785 mill. kroner knytte til kurs ved Forsvarets kompetansesenter for logistikk og operativ støtte. Midlane er omdisponerte frå fleire kapitell.
- 1,200 mill. kroner knytte til to årsverk som er overført frå Luftforsvaret og Sjøforsvaret i samband med Prosjekt vakt og trygging. Midlane frå kap. 1732, post 01 (0,600 mill. kroner) og kap. 1733, post 01 (0,600 mill. kroner)

- 2,230 mill. kroner knytte til kurs ved Hærens våpenskole og kursplasser for Alliert kompetansesenter for operasjonar under vinterforhold. Midlane er omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
 - 1,312 mill. kroner knytte til masterutdanning i USA. Midlane er omdisponerte til kap. 1720, post 01.
 - 5,896 mill. kroner knytte til grunnløn til fast tilsette frå andre styrkeprodusentar som inngår i etterretningsbidrag i internasjonale operasjonar. Midlane er omdisponerte til kap. 1792, post 01.
 - 0,580 mill. kroner knytte til forvaltning og teknisk drift av elektroniske tryggingssystem. Midlane er omdisponerte til kap. 1720, post 01.
 - 0,375 mill. kroner knytte til mellombels finansiering av Mini Unmanned Aerial System (små dronar). Midlane er omdisponerte til kap. 1720, post 01.
 - 0,049 mill. kroner på grunn av tilbakebetaling av utlegg for NATO-skolen i Oberammergau. Midlane tilbakebetales til kap. 1720, post 01.
 - 13,800 mill. kroner knytte til tverrprioritering av utgifter for å avhjelpe utfordringa i samband med endringar i valuta for Luftforsvaret og Forsvarets logistikkorganisasjon.
- Posten vert førelått redusert med:
- 17,895 mill. kroner i samband med intern effektivisering er ført tilbake. Midlane er omdisponerte til kap. 1740, post 01.
 - 3,575 mill. kroner for prosjekter knytte til nettverksbasert forsvar. Midlane er omdisponerte til kap. 1720, post 01.
 - 1,401 mill. kroner knytte til auka utgifter i samband med bustad og innkvartering av forsvarspersonell i Oslo-området. Midlane er omdisponerte til kap. 1725, post 01.
 - 0,375 mill. kroner knytte til etablering av sentral eining for strukturforvaltning. Midlane er omdisponerte til kap. 1725, post 01.
 - 7,662 mill. kroner som følge av at aktivitetar knytte til system- og artikkelforvaltning definerast innafor fagmyndigheita. Midlane er omdisponerte til kap. 1740, post 01.

Kap. 4731 Hæren

(i 1 000 kr)				
Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	64 628	64 628	94 628

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er føreslått auka med 30,000 mill. kroner som følge av auka salsinntekter knytte til drift av kjøkken og messer. Midlane kjem frå Forsvarsbygg i samband med rydding av

Hjerkinnskyte- og øvingsfelt samt frå Statsbygg knytte til rydding av Stølsheia.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma til Forsvaret, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1732 Sjøforsvaret

(i 1 000 kr)				
Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	3 452 649	3 576 729	3 556 273

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto redusert med 20,456 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 0,172 mill. kroner knytte til garnisonstenester levert frå Ramsund Orlogsstasjon til Forsva-

rets spesialstyrkar. Midlane er omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er føreslått redusert med:

- 1,592 mill. kroner for prosjekter knytte til nettverksbasert forsvar. Midlane er omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,722 mill. kroner knytte til auka utgifter i samband med bustad og innkvartering av forsvarspersonell i Oslo-området. Midlane er omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 0,375 mill. kroner knytte til etablering av sentral eining for strukturforvaltning. Midlane er omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 0,600 mill. kroner knytte til eit årsverk som er overført til Hæren i samband med Prosjekt vakt og trygging. Midlane er omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,457 mill. kroner knytte til kurs ved Forsvarets kompetansesenter for logistikk og operativ støtte. Midlane er omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,497 mill. kroner knytte til leveranse av tenestehundar frå Forsvarets kompetansesenter for logistikk og operativ støtte. Midlane er omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 1,842 mill. kroner som følge av at aktivitetar knytte til system- og artikkelforvaltning vert definert innanfor fagmyndigheita Midlane er omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 0,279 mill. kroner knytte til grunnløn til fast tilsette frå andre styrkeprodusentar som inngår i etterretningsbidrag i internasjonale operasjonar. Midlane er omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 0,513 mill. kroner knytte til kurs og utdanning ved International Specialist Training Centre. Midlane er omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 2,333 mill. kroner knytte til ei erstatningssak for personell i Sjøforsvaret frå 2014 der kap. 1725 gjorde utbetalinga på forskot i november 2014. Midlane er omdisponerte til kap. 1725, post 01.
- 2,891 mill. kroner i samband med intern effektivisering er førte tilbake. Midlane er omdisponerte til kap. 1740, post 01.
- 0,069 mill. kroner på grunn av tilbakebetaling av utlegg for NATO-skolen i Oberammergau. Midlane vert betalte tilbake til kap. 1720, post 01.
- 0,894 mill. kroner knytte til redusert kapitalelement i husleiga til Forsvarsbygg på kap. 4710, post 01.
- 7,000 mill. kroner knytte til behovet for å halde oppe talet på patruljedøgn i kystvakta på kap. 1790, post 01.
- 0,564 mill. kroner knytte til tverrprioritering av utgifter for å avhjelpe utfordringa i samband med endringar i valuta for Luftforsvaret og Forsvarets logistikkorganisasjon.

Kap. 1733 Luftforsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2015	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 573 004	4 824 606	4 954 561

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er føreslått netto auka med 129,955 mill. kroner.

Posten er føreslått auka med:

- 46,000 mill. kroner knytte til operativ testing og evaluering av NH90. Midlane er omdisponerte frå kap. 1790, post 01.
- 40,093 mill. kroner knytte til auka utgifter ved å flytte DA-20 frå Rygge til Gardermoen. Midlane er omdisponerte frå kap.1710, post 01 (11,000 mill. kroner) og post 47 (29,093 mill. kroner).
- 3,548 mill. kroner knytte til meirutgifter til operasjon Gritrock som ikkje vert dekte av Utanriksdepartementets ODA-midlar. Midlane er omdisponerte frå 1760, post 45.
- 11,200 mill. kroner på grunn av tilsvarende inntektsauke på kap. 4731 og gjeld auke i inntekter frå C-130J styrkebidrag til støtte for den internasjonale innsatsen i Vest-Afrika (operasjon Gritrock) (10,595 mill. kroner) og frå bistand med transportfly til Dronning Maud land (0,605 mill. kroner).
